



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

"Der ingen skulle tru at nokon kunne  
arbeide òg bu"

"Where no one would believe anyone  
could both work and live"

**Kenneth Helland**

**Oddvar Vigdal**

Grunnskulelærar 5.-10.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Sigve Høgheim

11.05.18

Tal ord: 10512

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## Innholdsfortegnelse

<b>Forord.....</b>	<b>3</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>5</b>
<b>2. Teori.....</b>	<b>7</b>
<b>2.1 Lærarrolla .....</b>	<b>7</b>
<b>2.2 Lærarprofesjonen.....</b>	<b>9</b>
<b>2.3 Eit førebilete .....</b>	<b>10</b>
<b>2.4 Sosiale media .....</b>	<b>11</b>
<b>2.5 Læraren i nærmiljøet .....</b>	<b>11</b>
<b>2.6 Rollekonflikt i småsamfunn.....</b>	<b>12</b>
<b>3. Metode.....</b>	<b>14</b>
<b>3.1 Val av metode.....</b>	<b>14</b>
<b>3.2 Intervju .....</b>	<b>15</b>
<b>3.3 Intervjuguide.....</b>	<b>15</b>
<b>3.4 Utval.....</b>	<b>16</b>
<b>3.5 Validitet og reliabilitet.....</b>	<b>16</b>
<b>3.6 Gjennomføring av intervju .....</b>	<b>17</b>
<b>3.7 Etiske omsyn .....</b>	<b>17</b>
<b>3.8 Feilkjelder.....</b>	<b>17</b>
<b>3.8.1 Det relasjonelle.....</b>	<b>18</b>
<b>3.8.2 Ulikt forhold/tilnærmingar til læraryrket.....</b>	<b>18</b>
<b>3.8.3 Ordlyden i oppgåveformuleringa.....</b>	<b>18</b>
<b>4. Resultat.....</b>	<b>19</b>
<b>4.1 Ein avgrensa kvardag.....</b>	<b>19</b>
<b>4.1.1 Føler lærarane seg avgrensa? .....</b>	<b>19</b>
<b>4.1.2 I kor stor grad vert ein avgrensa.....</b>	<b>20</b>
<b>4.2 Dei ulike arenaene .....</b>	<b>21</b>
<b>4.2.1 I lokalmiljøet .....</b>	<b>21</b>
<b>4.2.2 Sosiale media.....</b>	<b>22</b>
<b>4.2.3 Uteliv .....</b>	<b>23</b>
<b>4.2.4 Språkbruk .....</b>	<b>23</b>
<b>4.2.5 Jobb eller fritid? .....</b>	<b>24</b>
<b>4.3 Krav frå samfunnet .....</b>	<b>25</b>

<b>4.4 Om lærarrolla i små samfunn og tankar om større byar .....</b>	<b>26</b>
<b>5. Drøfting .....</b>	<b>27</b>
<b>5.1 Lærarrolla - Ein avgrensa kvardag og krav frå samfunnet .....</b>	<b>27</b>
<b>5.2 Ulike arena - Sosiale media, i nærmiljøet, rollekonflikt .....</b>	<b>28</b>
<b>5.3 Byskulen vs grendeskulen - sosiale nettverk, eit førebilete.....</b>	<b>30</b>
<b>5.4 Frå kvar eller kven kjem avgrensingane frå? .....</b>	<b>31</b>
<b>5.5 Aktualitet.....</b>	<b>32</b>
<b>6. Avslutning .....</b>	<b>33</b>
<b>7. Litteraturliste.....</b>	<b>34</b>
<b>8. Vedlegg .....</b>	<b>36</b>
<b>8.1 Intervjuguide.....</b>	<b>36</b>
<b>8.2 Lærarprofesjonens etiske plattform .....</b>	<b>38</b>

## **Forord**

Ein bachelor er avsluttande for våre 3år med pedagogikk

Eit studie om lærarprofesjon og yrkesetikk

Tusen takk til alle som har vore til hjelp, og i oss hatt tru

Ein spesielt stor takk til alle dei som stilte opp på intervju

Starten på bachelorperioden vår var treg

Dermed også stor takk og respekt til Sigve som viste oss veg

Månadane gjekk og tiden den for

Ja Sigve rettleia og var vår men-tor

No er tidsfristen ute og me må skilje lag

Me håpar på det beste mentor, og godkjent ukesoppdrag

## **Samandrag**

Hensikta med denne oppgåva var å undersøke om ungdomsskulelærarar som bur og jobbar på same tettstad, eit miljø der alle kjenner alle, føler at dei vert avgrensa i privatlivet som følge av yrket. I undersøkinga vart det også stilt spørsmål om kvifor, på kva områder og i kor stor grad lærarane eventuelt kjenner på desse avgrensingane. For å få tak i datamateriale til undersøkinga vår, har me nytta oss av kvalitativ forskingsmetode, der fire lærarar med ulik inngang til yrket er intervjua. Ettersom problemstillinga dreier seg om kva ungdomsskulelæraren føler og kjenner på, har me nytta semi-strukturert intervju leia av ein intervjuguide.

Det ein kan konkludere med er at dei fire lærarane, i meir eller mindre grad, kjenner på avgrensingar i privatlivet. Dei fire lærarane tek val i kvardagen på grunnlag av yrket dei har, men kva dei opplever som avgrensing eller ikkje varierer. I funna kjem det likevel fram at det ér klare avgrensingar knytt til lokalmiljøet, ettersom dei opplev mange forventningar til korleis dei skal oppføre seg, og til kva dei kan ta del i. Når dei fire lærarane snakkar om kvar dei føler at krav og forventningar kjem frå, nyttar dei ofte omgrepene "samfunnet". I kor stor grad dei føler seg avgrensa i privatlivet varierer.

Det er små samfunn over heile Noreg der lærarar bu og jobbar på same stad. Truleg møter desse på ulike avgrensingar i privatlivet, som følger av yrket deira. Ettersom avgrensingane er reelle for dei lærarane me har intervjuat, føler med difor at det er eit men som både treng og fortener å belysast i dagens forsking og litteratur.

## 1. Innleiing

Me bur i eit fylke med stort sett små bygder og mindre plassar. Me er også oppvakse i miljø der alle kjenner alle. I løpet av vår skulegang såg me også lærarane våre nesten på dagleg basis utanfor klasserommets fire veggar. På bakgrunn av dette har me no stilt oss spørsmålet om dette kunne vere med å påverke kvardagen til lærarane. Gjennom lærarutdanninga og praksis har me også høyrt- og snakka mykje om det og vere eit førebilete og om dei etiske vala knytt til lærarrolla. Tankane våre gjekk igjen til dei mindre plassane, då ein gjerne møter på elevar og foreldre ikkje-intensjonelt utanom arbeidstid. Når samfunnet ein lev i er så lite at alle kjenner alle, er det fort vanskeleg å «forsvinne inn i mengda», noko som ein skulle tru er lettare i ein by med fleire menneske og større areal.

Det me vil undersøke er altså dei moglege avgrensingane ein lærar kan kjenne på i kvardagen. Problemstillinga vår er som følgjande: *«Føler ungdomsskulelærarar, som bur og jobbar på same tettstad seg avgrensa, når alle kjenner alle? I tilfelle, kvifor, i kor stor grad og på kva område?»*. Grunnen til at fokuset er på ungdomsskulelærarar er fordi me trur dei har ein litt anna kvardag enn lærarane på barneskulen. Når elevane er blitt eldre, vert dei også meir reflekterte og bevisste på ting, i den grad vil ein kanskje ha fleire område der ein må opptre varsamt. For å til slutt kunne legge fram eit svar opp mot problemstillinga har me kategorisert teori, funn og drøfting ut i frå det me på førehand trudde kunne vere regulerande område. Dei områda er:

1. Dei ulike arenaene - sosiale media, uteliv og liknande.
2. Dei formelle krava frå staten/Stortinget og samfunnet
3. Det og vere lærar i små samfunn

Dette er eit tema som etter vår oppfatning knapt er informasjon og teori om. Avgrensingar i læraryrket er eit lite belyst tema, og når ein i tillegg snakkar om situasjonen i mindre samfunn har me ikkje funne noko knytt til nettopp dette. Sjølv etter å ha fått hjelp frå både bibliotekarar og pedagogar til å søke pedagogikkdatabasar på både norsk og engelsk fann me ingenting. Løysinga vår vart å sjå på teori om lærarrolla, etikk for lærarar, og meldingar frå Stortinget som definerer lærarrolla, altså profesjonen lærar. For å kunne få svar på noko av det me lurer på har me intervjuat lærarar som har dette som sin kvardag. Me skal jo sjølv bli lærarar, høgst sannsynleg på mindre stadar slik som lærarane me har intervjuat. Difor er det

interessant å høyre kva dei seier, og det kan vere med på å belyse kva som møter oss og andre som skal ut i ein tilsvarande yrkeskvardag.

Alle resultata våre er innhenta gjennom kvalitative intervju med fire noverande eller tidlegare lærarar som bur i «bygdenoreg» og er- eller har vore tilsett i same kommune dei jobbar. Basert på teori og dei funna me har gjort, vil me til slutt drøfte det lærarane oppgir som avgrensingar. Kva kan vere grunnen til dette og kvifor vel lærarane å avgrense seg?

## **2. Teori**

### **2.1 Lærarrolla**

Den 27. Juli 2015 vart ekspertgruppa om lærarrolla oppnemnt av Kunnskapsdepartementet, og nesten eitt år seinare publiserte dei boka om lærarrolla. Formålet med arbeidet var å gi innsikt i dagens lærarrolle, der kunnskapsgrunnlaget danna utgangspunktet for korleis lærarrolla vidare kunne utviklast. I kapittel to om lærarprofesjonen omtalar ekspertgruppa lærarrolla;

Lærerne skal, innen de gitte økonomiske rammer som omkranser yrkesutøvelsen, gi oppvoksende generasjoner de best mulige kunnskapsmessige og moralske forutsetninger for videre utdanning og yrkesliv, og for aktiv deltagelse som samfunnsmedlemmer og medborgere (Askling, B., Dahl, T., Heggen, K., Kulbrandstad, L.I., Lauvdal, T., Qvortrup (...), Thue, F.W., 2016, s.23).

Ut i frå dette kan ein forstå det til at det er læraren si rolle å gjere eleven klar for kva som møter ein etter endt skulegang. Både ved å sikre grunnleggande kunnskapsnivå og forståing for moral. Læraren skal også jobbe for at elevane skal delta aktivt både som medmenneske- og medlem av samfunnet.

På Uddanningsdirektoratet sine nettsider står det skrive, under prinsipp for opplæringa, om ulike kompetansar som hører til lærarrolla (Udir, 2006). Kompetansane ein lærar skal ha summerast som samansett av fleire komponentar, der fagleg dugleik, evne til å formidle faget, evne til å organisere læringsarbeidet og kunnskap om vurdering og rettleiing er dei mest sentrale (Udir, 2006). Denne kompetansen må heile tida vurderast ut frå krav og forventningar som kjem fram i lover og forskrifter. Kompetansane som utdanningsdirektoratet nemner i sine styringsdokument er også fremja og omtala i St. meld.nr. 11 frå 2008-2009. Ei melding til Stortinget er eit dokument Stortinget tek i mot frå regjeringa, som omhandlar ulike sider ved statleg verksemd (Gisle, 2016). St. meld. nr. 11 frå 2008-2009 er ei tilråding frå Kunnskapsdepartementet, som saman med blant anna St. meld. nr. 16 (2006-2007) og St. meld. nr. 31 (2007-2008) har lagt grunnlaget for korleis den norske skulen har blitt forma (Kunnskapsdepartementet, 2010). I St. meld. nr. 11 tek dei utgangspunkt i vedtak frå opplæringslova, læreplanverket og andre forskrifter og nemner dei viktigaste kompetansane for lærarar. Samanfatta kan punkta i meldinga til stortinget presiserast slik;

- Fag og grunnleggjande evner: læraren sine solide kunnskapar i faga som skal lærest til elevane.
- Skulen i samfunnet: forberede barn og unge til vidare utdanning, familie-, samfunns- og arbeidsliv.
- Etikk: læraren må handle etter verdigrunnlaget fastsatt av skulen og læreplanverket.
- Pedagogikk og fagdidaktikk: evna til å planlegge, organisere, gjennomføre og vurdere undervisninga på ein måte som fremjar læring hjå eleven.
- Ledelse av læringsprosessar: leiarkompetanse og autoritet i læringsarbeid med ei mangfaldig elevgruppe
- Samhandling og kommunikasjon: evne til å samarbeide med aktørane i skulekvardagen
- Endring og utvikling: læraren sin kompetanse til å sjå læring i samanheng med endring og utvikling i samfunnet.

Ut frå det som kjem fram av Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet, kan ein seie at lærarrolla har både eit fagleg og eit sosialt ansvar. Læraren skal i kontinuerleg vurdering av krav og forventningar sørge for at elevane er førebudd til nivået som er venta, fagleg og sosialt, for å imøtekomme samfunnet på ein god måte.

Lærarrolla er ein kompleks samansetjing av lover og reglar, forventningar og meningar, tolkingar og utøving av skjønn. Formelle og uformelle krav frå stat, kommune, skuleleiing, foreldre og lokalsamfunn påfører læraren ulike interesser for korleis læraren skal leie klassen, kva som skal prioriterast og kva som er unødvendig. Krava er mange og meningane mangfaldige. Dei mange utfordringane vert underbygd både i forsking og politiske styringsdokument. For eksempel kjem liknande beskrivingar av læraryrket fram i EU-sammenheng med «the complexity of the demands placed upon teachers» (Dahl, T. et.al, 2016, s.23). I dokumentet presenterer EU-kommisjonen ei lang liste med mange forventningar knytt til både kunnskap og beskrivingar av dei viktigaste kjenneteikna ved gode lærarar og god undervisning. Dei same forholda kjem også fram i Stortingsmelding 11 frå 2008-2009, som mellom anna nemner at lærarane møter ei rekke forventningar som er utfordrande å

foreine. Vidare står det at «lærere møter også forventninger om å bidra til å løse problemer som ikke er direkte knyttet til opplæringen» (Kunnskapsdepartementet, 2008, s.12).

Lærerrollen kan defineres som summen av de forventninger og krav som stilles til utøvelsen av yrket. Den konkretiseres gjennom den enkelte yrkesutøvers daglige arbeid. Bestemmelser i lov, læreplan og andre forskrifter forplikter lærere, og definerer et felles grunnlag for utøvelsen av rollen (Kunnskapsdepartementet, 2008, s.12).

## **2.2 Lærarprofesjonen**

Omgrepet profesjon stammar frå det latinske «professio» og betyr offisiell oppgåve eller yrket (Riksaasen, 2010, s.18). I den faglege samanhengen viser omgrepet profesjonell til at ein handlar etter ein profesjon sine standardar, på grunnlag av ein bestemt kompetanse legg fram ni punkt som definerer ein tradisjonell forståing av ein profesjon:

- 1) Utøvelsen av en profesjon må innebære ferdigheter som bygger på en teoretisk viten
- 2) Det skal være snakk om en langvarig utdannelse som forutsetninger for tilegnelse av den profesjonelle viten.
- 3) De profesjonelle kompetansene skal sikres gjennom et formelt eksaminasjonssystem
- 4) Det skal være etablert en etisk kodeks (code of conduct) for å sikre den profesjonelle integriteten
- 5) Den profesjonelle virksomheten skal være en form for service som er til fellesskapets beste, det vil si være preget av altruisme eller et offentlig serviceideal.
- 6) Profesjonen skal være organisert. (noe som bla. innebærer profesjonell selvregulering og autonomi)
- 7) De profesjonelle skal ha en følelse av identitet, det vil si dele felles sosiale verdier
- 8) Det skal innenfor profesjonen utvikles et felles språk som brukes i utøvelsen av profesjonen, men som kun delvis kan forstås av folk utenfra.
- 9) Med kontroll over tilgangen til utdannelsen sikres profesjonens reproduksjon, og ringen er sluttet. (Riksaasen, 2010, s.18-19)

I 2012 kom lærarprofesjonen si etiske plattform. Den etiske plattforma er forma av Utdanningsforbundet for å skape eit felles uttrykk for verdiar og ansvar lærarar har i skulen (Utdanningsforbundet, udatert). «Plattformen er et felles grunnlag for å videreutvikle lærerprofesjonens etiske bevissthet» (Utdanningsforbundet, 2012). Plattforma tek føre seg grunnleggande verdiar for lærarprofesjonen og det etiske ansvaret som høyrer til yrket. Overordna kategoriar for lærarprofesjonens etiske ansvar tek føre seg profesjonen i møte med barnehagebarn, elevar og føresette og arbeidsplassen. I tillegg seier plattforma noko om skulen som samfunnsinstitusjon og det etiske ansvaret knytt til læraren. Tre punkt ein kan trekke fram her er:

- 1) Viser mot og målbærer tydelig samfunnsmandatet
- 2) Tilstreber godt samarbeid, uten at vi påtar oss oppgaver som tilhører andre profesjoners fag- og kompetansefelt
- 3) Går ikke på akkord med verdiene i samfunnsmandatet, vårt kunnskapsgrunnlag eller lærerprofesjonens etiske plattform.

### **2.3 Eit forebilete**

Som lærar vert ein også stilt krav til som rollemodell. Dette er noko som er implementert frå både Utdanningsforbundet og Utdanningsdirektoratet med høvesvis «Lærerprofesjonens etiske plattform» (Utdanningsforbundet, 2012) og i den generelle delen av læreplanen. I Lærerprofesjonens etiske plattform står det til dømes at «Våre verdier, holdninger og handlinger påvirker dem vi arbeider for og med» (Utdanningsforbundet, 2012). Læreplanen seier på si side at barn og unge «må både forstå moralske krav og la dem bli ledende for sin vandel». Normene som gjelder i samfunnet – i yrkesetikk, arbeidsmoral og forretningskikk – har avgjørende innvirkning på samfunnets kvalitet» (Utdanningsdirektoratet, 2011, s.3). Forutan dette, er ein tilsett i det offentlege også pålagt å handle profesjonelt og korrekt ovanfor foreldre eller andre samarbeidspartnarar (Dypedahl, Myklevold, Sørmo, Jensen & Bohn, 2016, s.73).

Korleis elevar oppfører seg og kva dei tek etter kan påverkast av det elevane observerer hjå lærarane, både på skulen og på fritida. Det er ikkje tvil i at lærarane har stor påverknadskraft, og rollen som forebilete er ein del av yrket ein har valt. Å vere ein rollemodell handlar om handlingane du gjer, dei etiske vala du tek og haldningane du sjølv representerer. Difor er det

vikting at ein på ein naturleg måte klarar å implementere det inn i kvardagen (Dypedahl et al, 2016, s.74). At lærarstudentar og nye lærarar fråskriv seg dette ansvaret er ikkje uvanleg (Bergrem, 2014, s.14).

## 2.4 Sosiale media

Korleis lærarar vel å bruke sosiale media, og kva dei vel og dele med resten av omverda varierer. Dei to faktorane som spelar mest inn er alder og bakgrunn, der ein eldre lærar vil kunne ha større avgrensingar i kva dei vil dele enn ein yngre kollega (Dypedahl et al, 2016, s.76). Ei retningslinje kan vere å ikkje dele noko frå privatlivet som tek fokus vekk frå ein sjølv som den «profesjonelle» i forholdet mellom lærar og elev.

Andre tilnærmingar er å ikkje gi elevar tilgang til læraren sine sosiale media og moglegheiter for privat kontakt. Dette er også reglar som har vorte praktiserte i nokre kommunar (Dypedahl et al, 2016, s.77). Dersom ein er venn med foreldre eller venn med venner av foreldre, bør ein også vere bevisst på- og forsiktig med kva ein deler av både tekst og biletar (Dypedahl et al, 2016, s. 77). Ein anna ting til ettertanke er kommentarar i til dømes Facebookgrupper eller kommentarfelt. Sjølv om ein kan argumentere at ytringsfridomen dekkjer det å få lov å bruke skjellsord eller banneord, oppmodar ikkje bruk av det til gode haldningar hjå elevar.

Bevisstheit er eit nøkkelord når det kjem til sosiale media, tenk på kven som kan sjå det, og tenk på relasjonane ein skapar med andre menneske.

## 2.5 Læraren i nærmiljøet

«Som så mange lærere fremhever, er ikke lærerrollen noe man bare kan legge fra seg på skolen ved arbeidstidens slutt» (Dypedahl et al, 2016, s79). Ein lærar som har vore intervjua i boka «Livet som Lærar» (Dypedahl et al, 2016, s79) fortel om det og vere tilsett på ein skule i same nabolag som ein bur. Etter avslutta arbeidsdag tek ho blant anna valet å handle på ein anna butikk enn dei andre i nabolaget, for å kunne trekke seg tilbake og ikkje vere ein «offentleg person».

Korleis ein opptrer i det offentlege rom er viktig å vere bevisst på. Uavhengig om det er på butikken eller i utelivet. Sjølv om det ikkje er «ulovleg» for ein lærar å drikke alkohol i lystig

lag er det greitt å vere bevisst på at ein kan bli sett av foreldre eller elevar. Måten ein ter seg framfor andre må ikkje ta frå ein respekten for læraryrket eller som profesjonell. Døme kan vere å stadig vere rusa, eller andre brot på normer og forventingar samfunnet har til ein (Dypedahl et al, 2016, s.79).

Dersom «ein går over streken» på andre arenaer utanfor skulen, vil ein for elevar og foreldre uansett vere læraren og ikkje privatpersonen (Dypedahl et al, 2016, s.80). Til dømes om ein omtalar eit politisk parti som «nazi-sympatisørar» eller «fascistar». Mykje handlar om dei vala ein tek i dei ulike situasjonane, ein kan til dømes vere med i reality-tv og ha politiske meningar så lenge ein fremjar Opplæringslova.

## **2.6 Rollekonflikt i småsamfunn**

Som lærar må den private og profesjonelle væremåten heile tida vurderast. Det er viktig at ein er klar over at ein som lærar har fleire roller i samfunnet, både på og utanfor skulen. Sosiologen Erving Goffman tek føre seg denne problemstillinga i boka «The Presentation of Self in Everyday Life» (Engan, 2017, s.17). Erving omtalar menneske som aktørar som handlar ulikt etter kva rolle dei har. Interaksjonen mellom dei ulike rollane i samfunnet er eit skodespel der målet er å styre inntrykket til andre aktørar. Kvar rolle har ulike forventningar og dei fleste aktørane i samfunnet har ei felles forståing om kva kvalitetar og forventningar som høyrer til kvar rolle. Samfunnet er bygd opp på den måten at når nokon har sagt på seg ei rolle, skal aktøren handle etter dei forventningane rolla har (Engan, 2017, s.17).

I Fyrand (2016) står det skrive om roller, normer og sanksjonar. Rollen har ein samanheng med posisjonen eller plassen me har i eit sosialt system, og denne rolla kan vere tilskriven eller erverva. «Som posisjonsinnehaver utsettes en person for forventninger fra andre med hensyn til atferd og holdninger. Settet av stabile forventninger som rettes mot en posisjon, utgjør en sosial rolle» (Fyrand, 2016, s. 36). Som nemnt er roller skapa av stabile normer og forventningar frå omgivnadane. Normer kan forståast som ein type sosiale vegvisarar som styrer samhandlinga mellom menneske. Normene regulerer mellommenneskeleg samhandling i sosiale system ved reglar som styrer den interne og eksterne samhandlinga, og kva sanksjonar som skal anvendast dersom samhandlingsnormene blir brotne (Fyrand, 2016, s. 36). Sanksjonane er sentrale verkemiddel for å oppretthalde eit stabilt sosialt system, ved å

vedlikehalde normene og reglane for sosial åtferd (Fyrand, 2016, s.36). Sanksjonar kan difor forklara som sosial kontroll av sosial åtferd innanfor sosial system og sosiale nettverk. Den sosiale kontrollen kan vere uformell (mellan mennesker i uformelle sosiale system og nettverk) og formell (regelbestemte sanksjonar i formelle system).

Dette sosiale systemet av roller, forventningar, normer, sanksjonar og sosial kontroll gjeld også i mindre samfunn. Størrelsen på sosiale system, tal på deltagarar innanfor systema og kor synlege menneske i dei ulike systema blir for kvarandre, har betydning for kva makt den uformelle kontrollen har (Fyrand, 2016, s.37). Sjølv om den positive konsekvensen av slike samfunn er at det blir gitt hjelp til dei som er akseptert av nettverket (Fyrand, 2016, s. 319), vil sanksjonane ha større verknad og kraft i små, oversiktlege samfunn enn i store. Dette fordi dei uformelle sanksjonane blir synlege for alle (Fyrand, 2016, s.37).

Ulempen ved små samfunn er likevel at grensen for avvik er snevrere hvis sentrale verdier trues, fordi kunnskap om negativ atferd og den uformelle kontrollen spres raskt og effektivt mellom innbyggere hvor de fleste kjenner hverandre (Fyrand, 2016, s. 319)

### **3. Metode**

Når vi skal gjennomføre en undersøkelse, må vi benytte en eller annen form for metode. Vi kan tenke på metode som et verktøy, et redskap. Et slikt redskap er en fremgangsmåte for å få svar på spørsmål og få ny kunnskap innenfor et felt. Metodene dreier seg om hvordan vi innhenter, organiserer og tolker informasjon (Larsen, 2016, s.17).

Dette er altså Ann Kristin Larsen sin definisjon av omgrepene metode. Vidare deler ein vanlegvis metode i to forskjellige typar: kvantitative og kvalitative. Kva for ein type metode ein vel å bruke er eit val som bør takast på grunnlag av kva ein vil undersøke og kva ein vil ha svar på. Den kvantitative metoden vert ofte brukt når det er ei større mengd respondentar i undersøkinga, og gir oss eit svar i form av data som ein gjer om til tal (Larsen, 2016, s.25). Denne metoden er først og fremst tidssparande og gjer det lettare å innhente større mengder data meir effektivt (Jacobsen, 2010, s.65). Dette er metoden ein nytta seg av dersom ein vil ha eit tallmessig svar på noko, altså eit resultat som mest mogleg skal vere representativt for ein populasjon.

Kvalitativ metode vert nytta for å samle inn meir detaljert data, til dømes personlege opplevelingar og erfaringar. Innsamlinga av denne type data skjer i samanheng med ein plattform der andre menneske får uttrykke seg enten verbalt eller skriftleg. Ofte skjer det gjennom ein samtale der forskar og intervjuobjekt sit ansikt-til-ansikt, som også gir ein moglekeit til å observere kroppsspråket. Innsamling av kvalitativ data vert også kalla open metode grunna at ein skal prøve å unngå at ein påverkar eller legg ord i munnen på intervjuobjektet (Jacobsen, 2010, s.56).

#### **3.1 Val av metode**

Me har valt å bruke kvalitativ metode i vår innsamling av data. Problemstillinga vår dreier seg stort sett om kva ungdomsskulelæraren føler og kjenner på, noko me tenkjer kan vere vanskeleg å få fram gjennom til dømes eit spørjeskjema. Me vil då heller nytte oss av intervju for å gi intervjuobjekta våre mogleheit for å kunne utdjupe og gi meir detaljerte svar.

Etter fleire litteratursøk saman med bibliotekarar og pedagogar tykkjer me at det har vore mangel på forsking og litteratur knytt til emnet. Det har difor vore viktig for oss å nytte ein metode som gir oss detaljerte svar. Informasjon frå primærkjelde er eit viktig aspekt ved oppgåva vår, og det kvalitative intervjuet gir oss moglegheit til å styre samtalen mot intervjuobjektet sine eigne erfaringar. Det er viktig for oss at det er eigne erfaringar, og at det ikkje er noko dei til dømes har hørt frå andre eller trur, med mindre me spesifikt spør om det. Metoden gir også rom for oppfølgingsspørsmål som aktivt kan nyttast for å hente meir informasjon frå område som er interessante for oppgåva vår.

### **3.2 Intervju**

Når det kom til sjølve intervjeta valte me å gjennomføre dei ansikt til ansikt. På grunn av dette avgrensa det oss noko i kor mange me kunne intervju, der me til slutt vart einige om å gjennomføre fire intervju. Dette vart i seg sjølv tidkrevjande nok, både det administrative som avtale om stad og tid for at det skulle passe timeplanen til alle involverte, og reise tok tid. Sjølv om det tok meir tid enn ei digital undersøking, følte me at det vart verdt den ekstra innsatsen. Intervjuet vart meir personleg, samt at det gav oss moglegheita til å lese kroppsspråket til intervjuobjektet.

Når det kjem til intervjeta våre, vil me at dei skal vere opne, men samstundes styre samtalen mot dei overordna måla me har sett for intervjuet. Difor har me då valt å førebu eit semistrukturert intervju leia av ein intervjuguide som er vanleg ved slike intervju (Larsen, 2016, s.99). Dette gir intervjuar kontroll over det overordna tema, samstundes som intervjuobjektet har moglegheit til å kome med eigne innspel. Det kan til dømes vere at ein på førehand har formulert spørsmåla og ein har stikkord ein går etter, men der rekkefølga er ubetydeleg og ein kan komme med oppfølgingsspørsmål (Larsen, 2016, s.99).

### **3.3 Intervjuguide**

Intervjuguiden vår inneholdt for det meste dei spørsmåla me såg på som vitale for at me skulle få svar på det me ynskte. Elles bestod guiden vår for det meste av ein del stikkord som gav rom for at intervjuobjekta kan svare meir fritt, og me har moglegheit til å komme med oppfølgingsspørsmål. At me har førebudd ein guide på førehand var også ein tryggleik for oss, i tilfelle me skulle gløyme å spørje- og/eller ta opp noko under intervjuet.

### **3.4 Utval**

I valet av personar me vil intervjuer har me vore selektive, altså me har nytta oss av ikkje-sansynlegutveljing. Det vil sei at intervjuobjekta våre ikkje er tilfeldig valt ut (Larsen, 2016, s. 89). For vår undersøking har dette hatt stor betyding, då me veit at alle deltarane me har valt ut har erfaring og kjennskap til området me skal forske på.

Utvælt vårt består av fire lærarar som alle har hatt forskjellig inngang til- og erfaring rundt læraryrket. Lærar #1 har mange års erfaring frå eit heilt anna yrke utan dei store etiske problemstillingane ein har som lærar. Lærar #2 har gått frå å vere ungdomsskulelærar til å byrje på barneskulen. Lærar #3 har arbeidd som lærar på ungdomstrinnet og på same stad heile livet. Lærar #4 har vore lærar og arbeidd i administrasjon, både på heimstad og vekke. Det dei alle har til felles er at dei har lærarutdanning og dei har på minst eit tidspunkt hatt fast stilling som ungdomsskulelærar i same kommune/bygd dei har budd. Spesielt her kjenner me at det å kunne velje ut intervjuobjekt har vore ein stor fordel. Med det får me stor breidde i erfaringar og opplevelingar, ettersom alle har ulik bakgrunn.

### **3.5 Validitet og reliabilitet**

Når ein gjer ei undersøking er det fleire faktorar som spelar inn og kan vere med på å svekke truverda. Validitet og reliabilitet er omgrep som nyttast når ein argumenterer for truverda til forskinga si.

Validitet dreier seg om relevans, altså kor relevant innsamla data er i forhold til problemstillinga en vil ha svar på. I kor stor grad er det mogleg å trekke konklusjonar knytt til problemstillinga ut i frå den forskinga som har vore gjort? For at forskinga skal ha truverd er det viktig å vurdere den som både valid og reliabel. Hovudmålet er å finne sannheita bak det som skjer (Dahlum, 2015).

Reliabilitet tyder konsistens, altså at ved gjentatt testing skal resultatet bli det same kvar gang. Det vil sei at det er ein stabilitet i testinga, men i testar vil det alltid vere ein moglegheit for feil eller feilkjelder (Tønnesen, 2017). Reliabilitet handlar i stor grad om kor stor truverd innsamling av data har, korleis vert det samla inn, arbeida med og nytta (Larsen, 2016). Til

dømes, dersom forskarar gjer akkurat same undersøking og for tilsvarende resultat vil reliabiliteten vere høg.

### **3.6 Gjennomføring av intervju**

Gjennomføring av intervjuua skjedde både i skuletid og på ettermiddagen, etter avslutta arbeidsdag. Tre av intervjuua tok stad på kontoret til vedkommande, medan det siste tok stad på skulen vår. Alt dei sa vart teke opp som lydfil på mobiltelefon, slik at me slapp å notere undervegs og med moglegheit for å transkribere i ettertid.

Intervju i seg sjølv vara i alt frå 30min til ein time. Ein vanleg samtale rundt eit bord, der me starta med å presentere problemstillinga og oppgåva vår. Det viktigaste var berre å få presisert «rettane» deira og få avklart at dei hadde forstått problemstillinga vår. Sjølve intervjuua gjekk naturleg etter det, me hadde nokre spørsmål, dei fortalte og me kom med oppfølgingsspørsmål om me følte at det var behov.

### **3.7 Etiske omsyn**

Me har også teke omsyn til anonymiteten til intervjuobjekta våre. Når me har skrive, har me gjort svara deira så anonyme som mogleg, slik at det skal vere umogleg å finne ut av identiteten til den som har svara. Dette fordi me vil at dei skal vere så ærlege som dei kan, utan å vere redd for at utsegna deira skulle få konsekvensar for dei i ettertid. Samstundes har me også informert dei om at dei kan la vere å svare på spørsmål og avbryte intervjuet når dei vil, utan at dei treng å forklare kvifor. Ettersom transkriberinga vart gjennomført som eit summerande dokument har me lagt ekstra stort fokus på å gi attende informasjonen så presist som mogleg.

### **3.8 Feilkjelder**

Problemstillinga for oppgåva tek utgangspunkt i individet sine tankar og meiningar kring samanhengen mellom privat- og yrkesliv. På grunnlag av at informasjonen er personleg relatert kan det gi mange feilkjelder. I etterarbeidet og bearbeidninga av informasjon har me difor prøvd å vore ekstra nøy same når me har identifisert moglege feilkjelder. For å finne

desse har me stilt spørsmål kring informasjonen me har fått og knytt det opp mot kor vidt det er validitet og reliabilitet i det.

### **3.8.1 Det relasjonelle**

Ei mogleg feilkjelde kan vere det relasjonelle forholdet me har til nokre av intervjuobjekta våre. To av fire intervjuobjekt kjerner til oss gjennom andre samanhengar enn kun studiet. Med bakgrunn i dette kan det til dømes komme fabrikkerte svar som hjelper oss med oppgåva på grunnlag av at dei vil at me skal lukkast/få ei god oppgåve. Me har så klart valt å stole på at svara dei gir oss er ektefølt, men det er greitt å vere bevisst over at det kan vere ei mogleg feilkjelde.

### **3.8.2 Ulik forhold/tilnærmingar til læraryrket.**

Som nemnt i punkt 3.4Utval, har dei fire intervjuobjekta ulik tilnærming til læraryrket. Felles for dei er at alle har gjennomført obligatorisk lærarutdanning før dei vart tilsett, men karriereløpet deira varierer mykje. Dei ulike karriereløpa kan ha noko å seie når det kjem til deira personlege tolking av det som blir omtala som ein avgrensing. For ein lærar som har vore i yrket heile livet kan eit dempa språkbruk vere meir normalt enn for nokon med lengre fartstid i eit yrke utan dei same rammene for språkbruk i kvardagen.

### **3.8.3 Ordlyden i oppgåveformuleringa**

I samtale med intervjuobjekt spør me etter avgrensingane dei opplever i kvardagen, eventuelt i kor stor grad. Korleis det enkelte individ tolkar ord og omgrep er forskjellig frå person til person. I og med at me har brukt eit ord me vil påstå er lite konkret som «avgrensa» gir det også rom for at intervjuobjekta våre tolkar det på forskjellige måtar. For eksempel kan lærar #1 sjå på det å ikkje kunne banne som ei avgrensing, medan lærar #2 ser på det som ein sjølvfølge å ikkje banne. Vidare når ein snakkar om i kor stor grad lærarane føl seg avgrensa, vil også svara deira vera personleg tilpassa. Fordi me ikkje har ein universell skala dei avgir svar etter, vil det tilsvarende vere umogleg å gi ein felles konklusjon for dei fire lærarane.

## 4. Resultat

I dette kapitelet vil me legge fram funna me har gjort frå dei fire intervjuia me har gjennomført. Grunna store mengder med intervjuemateriale har me måtte vore selektive med informasjonen me har valt å bruke. Me har då prøvd å inkludere dei funna me meiner er aller mest relevant for vår problemstilling.

Lærarane me har intervjuha har her fått nummer frå ein til fire. Ettersom alle lærarane i undersøkinga arbeider på mindre stadar har me vore påpasselege med å gi minst mogleg informasjon som kan sporast tilbake til dei ulike informantane. Dette er for å bevare anonymiteten deira. Ettersom me har intervjuar lærarar med forskjellig yrkesinngang til læraryrket, vil me trekke fram enkelte utsegn som me meiner er relevante for både oppgåva og i samanheng med bakgrunnen dei har. Der dei for det meste er samde om noko og me ikkje ser nokon grunn til å trekke fram noko spesielt vil funna bli presentert som ein eining «på vegne» av alle.

### 4.1 Ein avgrensa kvardag

Som innleiande spørsmål til undersøkinga vår, lurte me på om lærarane følte seg avgrensa i kvardagen. Med «avgrensa» meiner me endringar i val, veremåte og handlingsmønster som er direkte eller indirekte pålagt læraren, som følge av yrket. Målet med spørsmålet er å finne ut om lærarane faktisk kjenner seg avgrensa, og i kor stor grad dei kjenner på dette.

#### 4.1.1 Føler lærarane seg avgrensa?

Det ein kan konkludere med som fellesbeteikning for alle lærarane, er at dei alle på eit eller anna vis føler seg avgrensa som følge av yrket. Dei nemner alle at den profesjonelle rolla dei har i yrkeslivet føl dei inn på fritida.

*Ein vert avgrensa, ettersom det profesjonelle vert med ein inn på det private og. Ein vert utfordra på mange områder, der folk spør og vil finne ut om ting. Ein er definitivt regulert.*

- Lærar #2

I intervjuua vert det også nemnt at ein har eit visst ansvar med å vere presentabel 24 timer i døgeret. Læraren grunnar dette med at ein kan setje seg sjølv i ein situasjon der forholdet til foreldre og elevar blir øydelagt, dersom ein ikkje er presentabel. Også det at ein kjenner dei fleste i lokalmiljøet er ein avgrensande faktor, seier ein av lærarane. Spesielt når ein jobbar i eit yrke der ein må tileigne seg respekt frå allmenne, må ein vere forsiktig å ikkje bryte det som er venta av læraryrket.

*Avgrensingane ein møter som lærar er eit stort tema. Det er mykje å ta tak i og snakke om, og ein ber med seg mykje ansvar og mykje anna som kan sporast opp igjen til deg. Det er utfordrande å finne balansegang mellom dei gode verdiane og å vere eit flott førebilete, og det og vere ein privatperson som gjer ting elevane ikkje kan før dei er vaksne og reflekterte nok.*

- Lærar #1

#### **4.1.2 I kor stor grad vert ein avgrensa**

Me har også prøvd å få inntrykk av i kor stor grad lærarane føler seg avgrensa. Graden av kor mykje den enkelte av intervjuobjekta våre føler seg avgrensa er varierande, avhengig av personlegdom og inngangs- og fartstid i yrket. Difor vil me i denne delen legge fram det den enkelte har svara på dette spørsmålet.

##### Lærar #1

I besvaringen av spørsmålet kjem det fram at han ikkje tenker over i kvardagen. Ein er avgrensa når ein jobbar i dette yrket og det blir, etter ei tid, ein del av livet. Likevel fortel han om tyngda av å bli avgrensa i kvardagen. Ettersom vedkommande har ei aktiv rolle med ungdommane utanfor skulen, vil ein også, i stor grad måtte avgrense seg på fritida. Han bruker omgrep som «heile tida» og «konstant» når det blir fortalt om stader og situasjonar ein blir avgrensa.

*Eg jobbar i eit lite samfunn og kan fort bli eit førebilete for mange, og alle veit kven du er. Eg kan ikkje alltid sei kva eg meiner, eigenleg, og ein skal ikkje trå langt utanfor norske verdiar før det ikkje går opp med det og vere lærar.*

På eit spørsmål som spør om avgrensingane tek stor plass i livet, kjem det fram at: «det alltid ligg langt framme i tankane dine, kva rolle du har og at alle seg deg».

#### Lærar #2

Tenkjer ikkje spesielt mykje over det, og ser ikkje på det som ein spesiell utfordring. For vedkommande handlar det om å bruke sunn fornuft i korleis ein opptrer og framstiller seg sjølv, uavhengig om ein er lærar eller ikkje. Det vert ein avgrensing i form av at ein ikkje kan gjer nett som ein vil, men det er ikkje eit hinder i kvardagen. At ein alltid oppfører seg er viktig som lærar, men også som person generelt, og er noko å leve etter.

#### Lærar #3

Snakkar om dei mange områder ein kjenner på små eller store avgrensingar. Kjenner meir på avgrensingane no enn tidlegare, dette vert begrunna med at vedkommande meiner at læraryrket hadde meir status tidlegare, og det var ikkje like lett å bli kritisert for noko ein gjer. Prøver å ligge «lågt i terrenget» for å unngå å kolidere med foreldre sine syn og meiningar.

#### Lærar #4

Denne læraren vel å reise vekk frå heimstaden på fritida, grunna avgrensingane ein møter i kvardagen. Det kjem fram i intervjuet at ho tykkjer det er plagsamt at yrket avgrensar ein, og at ein ikkje føler ein kan vere seg sjølv. Ho opplever at andre forventar at ein lærar er ein monoton og keisam person, og at det ikkje er greitt at ein tullar og tøyser. I spørsmålet om det tek stor plass i daglelivet, svarar ho; «Ja, alt ettersom. Akkurat no gjer det det, har hatt nokre tøffe samtalar no».

### 4.2 Dei ulike arenaene

Me har også hatt lysst å finne ut på kva område lærarane føler seg avgrensa. Dette for å få eit inntrykk av kor omfattande del av livet avgrensingane er. Dei funna me har gjort vil me presentere i underordna kategoriar basert på dei svara me har fått.

#### 4.2.1 I lokalmiljøet

I kva grad dei fire lærarane føler seg avgrensa i lokalmiljøet varierer. Det som kjem fram som ein felles nemnar er at dei i stor grad blir sett på som lærarar og ikkje privatpersonar. Det

kjem fram i eit av intervjuua at dette kan vere utfordrande når eg skal vere seg sjølv i det offentlege rom:

*Kan ikkje heile tida vere den som ein var. Eg har sterkt personlegdom, er ofte i godt humør, ler masse, tullar, likar å ha det morosamt. Det er det veldig mange som ikkje likar, kanskje dei ikkje skjønar ironien*

- Lærar #4

Lærar #3 og lærar #4 fortel om dei daglege avgrensingane dei møter i lokalmiljøet. Begge opplever at det kan vere vanskeleg både på butikk og kafé. Lærar #3 trekk fram ein episode der ho blei konfrontert i kassakøen på den lokale butikken. Ho seier sjølv at «Foreldre er og skal ikkje vere objektive, men kunne kanskje tatt det på telefon eller melding». Ho har også opplevd å bli skjelt ut framfor andre i lokalmiljøet, noko som gjer det litt vanskelegare å vere i det offentlege rommet i den mest trafikkerte tida. Lærar #4 har opplevd kommentarar på kva som blir handla på den lokale butikken og er difor sluttå å handle enkelte varer. Ho seier i intervjuet; «Kan ikkje kjøpe øl, må vere laurdag. Kan ikkje gå på polet, sender mannen min der». Det kjem også fram i intervjuet at ho ikkje kan vere seg sjølv:

#### 4.2.2 Sosiale media

Felles for alle lærarane våre er at dei ikkje er særleg aktive på sosiale media. Ein av dei er rett og slett ikkje på sosiale media, medan dei tre andre er der, men fortel at dei er varsame og har reglar dei lev etter. Personen som ikkje er på sosiale media, grunngir det med at det er for mange kjensfolk der og at ho arbeider på skulen. To av dei fortel at dei generelt er lite på sosiale media som Facebook, og helst er der av praktiske årsaker. Ein regel som vert praktisert er å ikkje legge til elevar før dei er ferdig i 10.klasse. Elles fortel alle at dei er forsiktige med kva dei postar av biletar og kommentarar. Lærar #3 seier at ho aldri begir seg ut i diskusjonar, og svarar eller kommenterer ikkje på noko som viser hennar eige personlege syn. Ho beskriv seg som ein passivt brukar, observerer, skriv ikkje.

Å vite at andre kan sjå kva du føretar deg på sosiale media, gjer det mindre attraktivt å bruke for dei. Av intervjuobjekta våre er det lærar #1 som har følt mest på avgrensingane, då han var ein aktivt brukar tidlegare. Han opplevde ved ein anledning at elevar hadde funne gamle biletar av han på sosiale media, og forsøkt å bruke det mot han. Etter dette har han blitt mykje meir

bevisst på kva han legg ut, og dropar for eksempel heilt å legge ut bilete som inneheld alkohol, sjølv om det berre er snakk om eit vinglas til maten.

#### 4.2.3 Uteliv

På dette området føler alle fire lærarane ei sterk avgrensing. For tre av intervjuobjekta våre går avgrensingane så langt at dei vel å aldri gå ut på fest- og/eller pub på heimstaden, sjølv om det berre er snakk om ein «halvliter». Den siste læraren seier at han kan ta seg ein «utepils», men at han snur seg alltid for å sjå etter folk, og må alltid vere på vakt. Dei andre er nøydd å reise vekk skal dei vere komfortable med å ta seg ein fest eller «eit glas» i offentlegheita.

Lærar #4 beskriv det på ein fin måte:

*Eg har alltid likt å gå ut for å snakke med folk, enten det er på kafé eller på pub. Dette er noko eg ikkje føler eg kan gjer lenger, enten fordi foreldre meiner eg ikkje kan det som lærar, eller fordi dei føler eg er der for å observere dei. At eg ikkje kan vere sosial i like stor grad som eg ynskjer påverkar meg i den grad at eg ikkje kan vere like mykje med gamle vener, og gir inntrykk av at eg «ikkje vil vere med dei lenger».*

Lærar #2 snakkar også om kor varsam ein må vere dersom ein skal reise ut. Når foreldre eller andre bekjente ser deg ute, er dei ofte nysgjerrige på det som skjer på skulen. I slike situasjonar må ein vere påpasseleg med kva ein seier, slik at ein ikkje bryt tausheitsplikta. Han nemner dette som ein grunn for at han ikkje er «ute» på heimstaden.

#### 4.2.4 Språkbruk

Korleis ein ordlegg seg og kva ord ein bruker er noko me sjølv prøver å vere bevisst på, og me ville høre kva lærarane tenkjer om dette temaet. Dei nemner alle at dei er forsiktige når det kjem til korleis dei ordlegg seg, spesielt på skulen. Alle er samde i at banning er noko ein ikkje gjer framfor elevane. Det å ikkje banne er vanar som føl dei inn i kvardagen, og det å ikkje banne blir ein del av dagleglivet. Det vert heller ikkje sett på som ei avgrensing då ingen føler at det er noko dei føler eit behov for å gjere.

Lærar #1 fortel for eksempel at han har snakka med elevane sine om situasjonsbasert språkbruk, men at det ikkje er greitt å banne i formelt samanheng.

#### **4.2.5 Jobb eller fritid?**

Alle dei fire lærarane er klar over at jobben følg med dei inn i fritida. Det kjem fram i intervjuet at dei får mykje spørsmål knytt til skulen, noko som kan vere utfordrande og keisamt. Lærar #1 nemner at ettersom samfunnet er så lite, kjenner han mange av foreldra. Dette har ført til at han nokre gonger får meldingar på fritida om elevar, som ikkje er blandt dei han har i skulen. Han har også måtte presisert for elevane sine at han i viss grad er ein anna person på fritida enn han er i arbeidstida. Det mest utfordrande med at jobben følger ein inn på fritida er når foreldra vil vite eller diskutere noko om skulen og elevar. Han seier at ein blir betre å sei ifrå seg slike ting etterkvart, men at det framleis er utfordrande å handtere slike situasjonar.

*Det er jo slik at ein er på jobb heile tida, ettersom ein er så tilgjengeleg*

*- Lærar #1*

Lærar #2 nemner at han aldri har hatt spesielle retningslinjer for jobb og fritid, ettersom han ikkje har vore plaga med det. I intervjuet fortel han om kor viktig det har vore for han å setje grenser for kontakt utanom skulen, spesielt med tanke på kor lett det er å ta kontakt med kvarandre i dag. Lærar #4 trekk fram at det kan vere vanskeleg å ha fri ettersom ein ofte omgåast med foreldra til elevar du har med å gjere i kvardagen. Nokre foreldre kan ho ha gode forhold til, medan andre kan bruke noko frå privatlivet hennar mot ho i skulesamanheng.

*Me kan fleipe og ha det moro, det kan eg med ein del av dei. Nokre gonger opplever eg at andre bruker privatlivet mitt mot meg i skulesamanheng.*

*- Lærar #4*

Basert på dei fire intervjuet framstår det som at det er konfliktar ein har med elevar, som føl ein mest utanfor skulen. Alle dei fire lærarane har opplevd at det er dårlig stemning i lufta eller at ein er blitt konfrontert på fritida.

*Ja. Det er ikkje kjekt, og har til tider vore ubehageleg. Det er ein del av jobben og eg har opplevd det fleire gonger. Er utfordrande, for ein merkar at det ligg noko i lufta.*

*- Lærar #2*

Lærar #4 har også følt på desse situasjonane. Ho fortel at det ikkje er noko som hender ofte, men det er ubehageleg når det først skjer.

#### **4.3 Krav frå samfunnet**

For å få djupare innsikt i kvifor lærarane kjente seg avgrensa i kvardagen, valte me å stille spørsmål om dei følte at det var sett mange krav til læraryrket av samfunnet.

At det er mange og store krav sett til læraryrket, både fagleg og personleg, var alle lærarane overtyda om. Lærar 1# meina derimot at mengda forventningar knytt til lærarrolla er noko mindre enn tidlegare; «Eg trur dette har blitt endra. Før var lærarlivet eit kall, så ein via seg meir til lærarlivet før». Han bruker 17. Mai feiringa som eksempel. Der det tidlegare gjerne var venta at læraren tok ansvaret for å leie klassen sin i toget, er det no ei auka forståing og einigkeit i at lærarane skal få vere med sine eigne. Han seier også at han kjenner på det han omtalar som «klare avgrensingar» frå samfunnet. «Denne biten med å vere seg sjølv, ligg nokre steg tilbake».

Lærar #2 er klar over at det er sett krav til han av samfunnet, og forstår det som er fremja. Han meiner at det alltid har vore fokus på det etiske rundt lærarrolla, og at det er verken meir eller mindre fokus på dette enn det har vore før. «Det er ein frivillig jobb, men ein går inn i eit yrke der haldningar og oppførsel har mykje å seie. Ein må passe på ytringsfridom og privatliv, men når ein tek valet som lærar kan ein venta at det føl med nokre avgrensingar», seier han.

Lærar #3 og #4 tykkjer at samfunnet set fleire krav til læraren for kvart år som går. Det kjem fram i intervjuet at begge føler at samfunnet, i større grad enn tidlegare, skriv frå seg ansvaret knytt til opplæring og oppseding av elevane. Lærar #4 seier at ho aldri hadde trudd at det var så mykje, når ho gjekk inn i læraryrket.

*Berre sjå i medieoppsлага. Dei forlangar veldig mykje. Lærarar skal vere perfekte heile tida, og det verkar som me ikkje har lov å gjere feil. Dei er alltid ute etter oss og skal passe på at ein har gjort det rette. Dersom ein ikkje har gjort det, skal ein bli straffa.*

- Lærar #4

Lærar #3 seier at ho, gjennom heile karrieren, har kjent på at samfunnet stiller store krav til yrket hennar. Ho tykkjer det er ein plagsam erfaring, og at det har vore tungt både for ho og familien hennar. Det kjem fram i intervjuet at ho er fortvila over det ho omtalar som den «enorme» mengda med krav.

*Eg føler at skulen er ei krukke som aldri vert full. Me skal lære dei alt, folkeskikk, trafikkreglar, sørge for at dei er fysisk aktive. passe på at dei et skikkeleg og at dei oppfører seg. På alle områder det er manglar, er det skulen som skal ordne opp. Eg føler på mange måtar at skulen overtek mykje av ansvaret som hører til foreldra, og det vert berre meir og meir.*

- Lærar #3

#### **4.4 Om lærarrolla i små samfunn og tankar om større byar**

Lærarane snakkar også ein del om det generelle kring det og vere lærar på mindre stadar, og korleis dei trur det skil seg frå større byar. At dei må reise vekk for å kunne ta seg ein fest er noko som blir nemnt fleire gonger. To av lærarane fortel også om at det til tider kan vere ubehageleg å gå på butikken, då dei har opplevd at dei kan bli konfrontert av foreldre med hendingar som har skjedd på skulen. Når ein gjerne berre har ein eller to daglegvarebutikkar er det vanskeleg å unngå å møte kjensfolk, noko som ikkje i like stor grad er eit problem på større plassar.

Lærar #1 fortel også om ei hending frå livet på nettopp bygda.

*Det er enkelte som har kome hit og ikkje klart å tilpasse seg samfunnet. Dersom elevar ikkje likar læraren på skulen og foreldre ser enkelte ting ved denne læraren som ikkje passar inn i samfunnet, kan bygdedyret kome til live. I små samfunn er det fort slik at alle veit om du er likt, og om du gjer det bra eller ikkje. Ord spreier seg for på små plassar.*

Vidare fortel Lærar #1 om at det og vere lærar på ein liten plass ikkje er for alle. Han seier at ein må vere veldig tøff, og stå for den ein er. Dersom ein ikkje har den sosiale kompetansen som er venta, kan det vere veldig utfordrande. Han seier også at det er sentralt for å overleve som lærar å bli vand med kulturen og vere tilpassingsdyktig.

## **5. Drøfting**

### **5.1 Lærarrolla - Ein avgrensa kvardag og krav frå samfunnet**

Det ein kan konkludere med som fellesbeteiknelse for alle lærarane me har intervjuat, er at dei alle på eit eller anna vis føler seg avgrensa som følge av yrket. Kva den enkelte definerer det og vere avgrensa som, vil variere frå lærar til lærar. Når ein stiller eit slikt subjektivt og overordna spørsmål er det vanskeleg å få dei heilt klare og tydelege svara, utanom at alle *kjenner* seg avgrensa. Uavhengig av korleis ein tolkar ordet, har dei avgrensingane som oppstår opphav ein eller anna stad. For kva som er nasjonale forventningar til lærarrolla har ein mellom anna stortingsmeldingar som har vore med å forme skulen, og lærarprofesjonen sin etiske plattform som er skapa for å gi retningslinjer til læraren. I den etiske plattforma står det at læraren ikkje skal gå på akkord med samfunnsmandatet, noko som også vert fremja i St. meld. nr. 11 når dei skriv at også «andre forskrifter» skal vere med å definere eit felles grunnlag for utføringa av rolla. Når regjeringa har klare tankar om korleis ein skal opptre som lærar er det ikkje utan grunn at ein kan spekulere i at det er desse aspekta som ligg til grunne for at alle intervjuobjekta kjenner på det og vere avgrensa. Det er også godt mogleg at lærarar fint ter seg etter desse forskriftene, men at ein sjølv gjer seg opp eigne meningar og tankar kring dette, som kan vere den største avgrensande faktoren i seg sjølv.

Mykje av det lærarane presenterer som grunnlag for dette er at dei meiner at samfunnet set store krav til yrket, også utanfor skulen. Lærar #2 og Lærar #3 nemner at det føl med læraryrket å vere presentabel, også på fritida. I St. meld. nr. 11 (2008-2009) står det at lærarrolla kan definerast som summen av dei forventningane og krav som stillest til utøving av yrket. Det frie rommet som vert gitt for tolkinga av «summen av forventningar» kan på den eine sida gi læraren stor fridom til sjølv å tolke kva som er forventa av yrket. På den andre sida gir det også moglegheita til få menneske med store stemmer å styre inntrykket av kva forventningar ein lærar skal oppføre seg etter. Lærar #4 seier også at medieoppsлага pålegg læraren fleire krav, og det at lærarane ikkje gjer nok er i fokus. Ettersom media har stor innverknad på menneske, kan oppslag vere med på å skape eit bilet av lærarar, både på godt og vondt. Den påverknaden slike medieoppslag har, kan også ha betyding for privatlivet til lærarane.

Dersom ein tek føre seg kva som ligg i den tradisjonelle forståinga av lærarprofesjonen (Riksaasen, 2010, s.18-19) kan ein drøfte kva som krevjast av læraren. Her omtalast den

profesjonelle verksemda som ein form for service som er til fellesskapets beste. Dersom det er tilfellet at majoriteten av samfunnet meiner at læraren skal følge eit ideal, der verdiane i stor grad handlar om å vere moderat og tilbakehalden, kan det argumenterast for at det er i samfunnet sine interesser og difor til fellesskapets beste. Lærar #2 er klar over at det er sett krav til han av samfunnet, og forstår det: «Det er ein frivillig jobb, men ein går inn i eit yrke der haldningar og oppførsel har mykje å sei», han seier også at det handlar om «å bruke sunn fornuft i korleis ein opptrer og framstiller seg sjølv». Kva som kan sjåast på som sunn fornuft og god oppførsel er subjektivt, men vil truleg vere vurdert ut i frå normene i samfunnet.

I den tradisjonelle forståinga står det også at dei profesjonelle skal ha ein følelse av identitet, noko som vil seie at ein deler felles sosiale verdiar. Dersom det i stor grad er semje i at dei sosiale verdiane skal basere seg på det og vere moderat, vil det også kunne argumenterast for at det i stor grad hører til lærerprofesjonen. Dette vil også danne grunnlag for kva som er venta av læraren i og utanfor skulen. Kva som er venta av samfunnet og kva som utgjer ein felles identitet for lærarprofesjonen er nok vanskeleg, kanskje umogleg, å måle eller fastsetje. Som nemnt ovanfor står lærarprofesjonen sin etiske plattform sentralt i dette, men det vil likevel vere rom for tolking av kva som er venta eller ikkje av læraren.

## **5.2 Ulike arena - Sosiale media, i nærmiljøet, rollekonflikt**

Av dei lærarane som har sosiale media, kjenner alle på avgrensingane og fallgruvene det medfører. Den av lærarane som er mest aktiv på sosiale media, og har opplevd både mest avgrensingar og konsekvensar, er den yngste. Alder kjem også fram som eit sentralt punkt i det Dypedahl (2016) skriv om sosiale media. At det er nettopp den yngste av dei som opplever dette kan sjølvsagt vere tilfeldig, men det er også ting som talar for at alder har ei rolle med i spelet. Til yngre ein er, desto større er sjansen for at ein har vakse opp kring sosiale media. Det kan vidare føre til at ein har etterleite seg spor på sosiale media, før ein i det heile teke tenkte på å skulle bli lærar. Mange av dagens lærarar hadde ikkje sosiale media før dei trødde inn i lærarrolla, noko dei aller fleste av dagens nyutdanna lærarar mest sannsynleg ikkje kan sei. Lærar #1 fortel for eksempel om det som nokon vil kalla eit «uprofesjonelt» bilet av han som dukka opp på Facebook etter at han trødde inn i lærarrolla, og vart forsøkt brukt mot han.

Andre avgrensingar som lærarar nemner er det og vere venn med andre på sosiale media. Å vere venn med nokon gir også vedkommande moglegheit til å sjå både profil, bilete og kommentarar. Våre lærarar er alle forsiktige med kven dei legg til som venn, og kva dei begir seg ut på av diskusjonar og deling av bilete. Det at andre kan sjå kva ein føretok seg, gjer det rett å slett mindre attraktivt for dei å bruke sosiale media. Dypedahl (2016) nemner også dette, dersom ein er venn med foreldre av elevar eller venn med venner av foreldre må ein vere forsiktig med kva ein deler. I mindre samfunn vil det vere høg sannsynlegheit for at du i den ekte verden er venn med nokon som har tilknyting til elevar ein sjølv er lærar for. Skal yrke då avgrense deg i den grad at du ikkje kan vere venn med dei på til dømes Facebook? Lærar #4 oppgir at grunnen for at ho ikkje har sosiale media er nettopp på grunn av mange kjensfolk og at ho jobbar i skulen. Det at nokon totalt avstår frå å ha sosiale media grunna påkjenning om å alltid opptre korrekt og i frykt for at andre skal sjå og dømme ein, høyrest ut som ein tydeleg avgrensing.

I kva grad dei fire lærarane føler seg avgrensa i lokalmiljøet varierer. Lærar #2 fortel om at han må vere varsam når han er ute, men ikkje kjenner på avgrensingane elles. Lærar #1 seier at han er på jobb heile tida, ettersom ein er så tilgjengeleg. Dypedahl (2016) skriv at lærarrolla ikkje er noko ein berre legg frå seg på skulen når arbeidsdagen er over. Lærarar vil bli sett på som lærarar også utanfor skulen, og det vil dei nok i dei fleste situasjonar. Dette gjer at jobben i stor grad føl ein heim etter arbeidsdagen er over, noko som kan føre til at ein kjenner på å vere på jobb sjølv om det er etter endt arbeidstid. At jobben føl ein inn i fritida, og at forventningane knytt til yrket ditt også kan knytast til den private personen kan sjåast som eit stort negativ i kvardagen. Ein skal heller ikkje utelate at mange ser på det som positivt at identiteten ein har blir knytt mot eit yrke som er viktig for oppdraging av nye samfunnsborgarar.

Som person har ein mange posisjonar i samfunnet. Ein kan vere både mann, far, kjærast og fotballentusiast. Yrket som lærar vil også vere ein av dei. Schiefloe (2004) skriv at ein som person med spesifikk posisjon blir utsett for forventningar frå andre med omsyn til åtferd og haldning. Dersom samfunnet eller lokalmiljøet ser ein ut frå posisjonen ein har som lærar, også utanfor skulen, vil det da vere dei same forventningane som gjeld for privatpersonen. Det kan difor tenkjast at det kan oppstå reaksjonar, når ein utanfor skulen oppfører seg etter forventningane som ligg til ei anna rolle. Dette kan knytast mot stereotypane ein har i samfunnet. Dersom det ligg til forventningane at ein fotballentusiast gjerne er høglytt og

veldig engasjert under ein fotballkamp, vil mest sannsynleg ikkje nokon reagere dersom entusiasten skrik og bannar når dommaren gjer feil. Vis læraren opptrer på same måte, når det er heilt andre forventningar knytt til rolla, kan det skape reaksjonar hjå andre. Som Lærar #4 nemner i intervjuet har ho opplevd at foreldre meiner at ho ikkje kan gå på pub eller kafé, for det er ikkje noko lærarar kan gjere. Ho føler også at media krev at «lærarar skal vere perfekte heile tida, og det verkar som me ikkje har lov å gjere feil». Dette kan seie noko om kva ho tenkjer samfunnet ventar av læraren. Dette er sjølv sagt avhengig av kva lokalsamfunnet anerkjenner som godkjent oppførsel hjå læraren og fotballentusiasten. Men det kan godt tenkast at ein lærar som står skrikande og bannar til ein TV-skjerm kan oppfattast upassande hjå enkelte, i alle fall meir upassande enn for ein fotballentusiast.

### **5.3 Byskulen vs grendeskulen - sosiale nettverk, eit førebilete**

I lærarprofesjonen sin etiske plattform (Utdanningsforbundet, 2012) står det skrive at ein som lærar må vere klar over rolla si, også på fritida, ettersom verdiar haldningar og handlingar påverka dei ein jobbar for og med. Lærar #1 omtalar balansegangen mellom gode verdiar og å vere eit flott førebilete, og det å vere ein privatperson som utfordrande. Han seier også at ettersom han jobbar i eit lite samfunn, kan han fort blir eit førebilete. For lærarar som ynskjer eit større skilje mellom jobb og privatliv, er dette noko som kan tenkast å vere ein avgrensande faktor. Når det som er anerkjend som dei etiske retningslinjene for lærarar seier at ein må vere klar over rolla si, og når det omhandlar kva haldningar og verdiar ein skal fremje, er det mogleg å forstå at nokre lærarar føler seg noko avgrensa også utanfor skulen. Lærar #1 nemner også at «denne biten med å vere seg sjølv, ligg nokre steg tilbake», ettersom «det alltid ligg langt framme i tankane dine, kva rolle du har og at alle ser deg». Det er her også viktig å bemerke at den etiske plattforma som er laga for lærarprofesjonen, berre er retningslinjer og fungerer difor ikkje som eit lovpålagt dokument.

Lærar #4 fortel også om avgrensingane kring det å «vere seg sjølv», der ho også nyttar dette uttrykket ordrett. Det er noko ho snakkar om i samanheng med det å måtte avgrense personlegdommen sin. Med det i baktankane er det forstaeleg at ho ser på det som å ikkje få lov å vere seg sjølv, då ho både i skuletid og på fritida føler at ho ikkje får lov å by på seg sjølv i like stor grad som ho ynskjer. Dersom ein ikkje får utøve sin eigen personlegdom, eller vere den ein verkeleg assosierast som, forstår me at ein nyttar uttrykk som å ikkje få «vere seg sjølv».

Lærarane snakkar også om korleis dei tenkjer at det kan vere meir utfordrande å vere lærar i dei små miljøa, samanlikna med ein større stad. Dei opplever at dei må reise vekk frå frå heimstaden for å kunne senke skuldrene skikkeleg. Lærar #1 fortel også om andre som har kome til bygda, men som har måtte reise att fordi dei ikkje har klart å passe inn i samfunnet. Han omtalar det som at bygdedyret kan komme til live, dersom ein ikkje følgjer dei verdiane som hører til lokalsamfunnet. Schiefloe (2015) skriv at i små, oversiktlege samfunn vil sanksjonar ha større verknad og kraft. Dette er fordi dei uformelle sanksjonane blir synlege for alle. Ettersom ein arbeider, bur og lever i same lokalmiljø, er det mogleg at sanksjonar gitt av enkeltpersonar eller grupper opplevast meir sjenerande. Med tanke på at det kan vere færre moglegheiter til å henvende seg til andre nærliggande miljø, vil dette kunne vere ein stor avgrensing i kvardagen. På den andre sida er det lettare i små lokalmiljø å vurdere kven som seier noko om andre, og difor reflektere om påstandane er valide eller tatt ut av proporsjonar.

#### **5.4 Frå kvar eller kven kjem avgrensingane frå?**

Det er fleire kjelder til avgrensingane lærarane kjenner på. Som alle lærarane nemner er foreldre av elevane ein sentral faktor. Lærar #3 og Lærar #4 har blitt direkte konfrontert i andre offentlege arena enn skulen. Det kjem også fram av intervjuat elevane indirekte kan skape avgrensingar i kvardagen, ettersom ein gjerne ikkje vil vise ulike sider ved ein sjølv. Lærar #1 omtalar slike situasjonar som «det og vere ein privatperson som gjer ting elevane ikkje kan før dei er vaksne og reflekterte nok», og trekk fram det å drikke alkohol eller å røyke som eit eksempel.

Likevel er det mest brukte omgrepet i intervjuat «samfunnet». Som tidlegare nemnt forstår me samfunnet som ei gruppe samansett av fleire aktørar enn berre dei som er direkte knytt til skulen. Ein kan seie at lærarane i all hovudsak meiner at avgrensingane ikkje er berre knytt til spesifikke grupper, som foreldre eller elvar, men frå samfunnet som heilheit. Kva lærarane meiner med «samfunnet» kjem ikkje fram i intervjuat, men det kan tenkjast at det er ein beteiknelse på nasjonale krav, retningslinjer, og forventningar frå foreldre, elevar og bekjente.

Som nemnt i punkt 2.6 «Rollekonflikt i småsamfunn», er det settet av stabile forventningar som rettast mot ein posisjon som utgjer ei sosial rolle. Lærarane befinner seg i ei sosial rolle med mange forventningar, men det er her også viktig å trekke fram at lærarane har forventningar til deira eige yrke. Det kan difor tenkjast at lærarane, i samspel med

forventningar frå omverda, legg avgrensingane på seg sjølv. I kva grad dette er, eller ikkje er sentralt for avgrensingane ein kjenner på vil truleg variere, men det kan likevel tenkast å vere ein viktig faktor for opplevinga av yrkeskvardagen til lærarar.

## **5.5 Aktualitet**

Når me tek føre oss aktualiteten til oppgåva vil me gjerne trekke fram det som for oss framstår som mangel på- eller tilgjengelegheit til teori og artiklar om emnet. Det er små samfunn over heile Noreg der lærarar bur og jobbar på same stad. Truleg møter nokre av desse lærarane på ein eller fleire av dei utfordringane som er presentert i oppgåva. Det kan difor tenkast at det sit lærarar i små lokalsamfunn som kjenner på dei same avgrensingane, utan at dette blir omtala i forsking. I vårt utdanningsløp har det heller ikkje vore snakka om liknande problemstillinger, noko som kan tyde på at det ikkje har ei rolle i- eller er nemnt i opplæringa til komande lærarar. Ettersom avgrensingane er reelle for lærarane me har intervjuat, føler me difor at det er eit emne som både treng og fortener å belysast i dagens forskning og litteratur.

## **6. Avslutning**

Dette er altså det me sit att etter å ha undersøkt problemstillinga som omhandlar avgrensingar i læraryrket, der hovudfokuset har vore på lærarar som bur og arbeider på same stad i små kommunar. Avgrensingar som følge av yrket har vore eit tema som har interessert oss, og det har vore spennande å høyre kva lærarar som er knytt til eit lite samfunn har å seie om dette. For å samle inn dei data og få svar på dette, har me arrangert intervju med lærarar som bur og arbeider i slike samfunn, funne teori og drøfta samanhengen mellom dei.

Det alle lærarane var samstemde i, er at dei føler på avgrensingar i kvardagen, og at dei tek val i kvardagen som følge av det yrket dei har. Kva den einskilde læraren har lagt i omgrepene avgrensing varierer frå person til person. Uavhengig av dette har formålet vårt vore å finne ut om ein sjølv føler seg avgrensa, så det ein lærar legg i avgrensing, treng nødvendigvis ikkje dei tre andre sjå på som avgrensing. Når dei fortel om avgrensingar og korleis ein handterer dei kvardagen, trekk dei fleste fram det å bruke fornuft, og vurdere etter situasjonen og omgivnadane.

Området me har valt å undersøke har me i ettertid forstått er større enn først antatt. Dette har igjen ført til at me føler at noko av djupna i både spørsmål, svar og drøfting har forsvunne. Grunna omfanget vil me påstå at det som kjem fram har blitt litt meir «overordna» eller «generelt», utan dei mest spesifikke detaljane me ynskte i utgangspunktet. I analyse- og drøftingsdelen såg me til dømes at me skulle ha intervjua lærarane om kva dei sjølv føler er forventa av lærarrolla- og profesjonen. Å ha den informasjonen tenkjer me kunne ha auka breidda i drøftinga og kunne kanskje vore med på å sei noko meir om opphavet til avgrensingane.

Sjølv om ein ikkje kan trekke noko konklusjon på at det er avgrensingar for alle lærarar på bakgrunn av fire intervju, har det vore ei nyttig erfaring for oss å ta med vidare i yrkeslivet. Det lærarane me har intervjua kjenner på er reelt, og det er ikkje nokon grunn til at det ikkje kan bli reelt for oss også. Det å undersøke dette har gjort oss meir tankefulle på korleis læraryrket er, og kva som kan bli forventa av oss.

## 7. Litteraturliste

Dahl, T., Askling, B., Heggen, K., Kulbrandstad, L.I., Lauvdal, T., Qvortrup, L., Salvanes, K.G., Skagen, K., Skrøvset, S., Thue, F.W. (2016). *Ekspertgruppa om lærerollen*. Fagbokforlaget.

Dahlum, S. (2015). *Validitet*. Henta fra <https://snl.no/validitet>

Dypedahl, M., Myklevold, G. A., Sørmo, D., Jensen, M. S. & Bøhn, H. (2016). *Livet som lærer*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Engan, K. A. (2017). *Den fådelte bygdeskolen – hjertet i bygda. Læreres perspektiver på den fådelte bygdeskolen*. (Masterfradsavhandling, Universitetet i Tromsø). Henta fra <https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/9870/thesis.pdf?sequence=2>

Fyrand, L. (2016). *Sosialt nettverk - teori og praksis (3.utg)* Universitetsforlaget

Gisle, J. (2016). *Melding til Stortinget*. Henta fra [https://snl.no/melding\\_til\\_Stortinget](https://snl.no/melding_til_Stortinget)

Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene (2.utg)*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Kunnskapsdepartementet. (2008). *Læreren rollen og utdanningen*. (Meld. St. 11. 2008-2009). Henta fra

<https://www.regjeringen.no/contentassets/dce0159e067d445aacc82c55e364ce83/no/pdfs/stm200820090011000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2010). *Motivasjon – Mestring – Muligheter – Ungdomstrinnet*. (Meld. St. 22. 2010-2011) Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-22-2010--2011/id641251/sec1>

Larsen, A., K. (2017). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode (2.utg.)*. Bergen: Fagbokforlaget

Riksaasen, R. (2010). *Læreren i skolen og samfunnet*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Utdanningsdirektoratet. (2006). Prinsipper for opplæringen. Henta fra <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/prinsipper-for-opplaringen2/lararar-og-instruktorar--kompetanse-og-rolle/>

Utdanningsforbundet. (Udatert). Lærerprofesjonens etiske plattform. Henta frå  
<https://www.utdanningsforbundet.no/larerhverdagen/profesjonsetikk/om-profesjonsetikk/larerprofesjonens-etiske-plattform/>

Utdanningsforbundet. (2012). Lærerprofesjonens etiske plattform. Henta frå  
[https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/larerhverdagen/profesjonsetikk/larerprof\\_etiske\\_plattform\\_a4.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/larerhverdagen/profesjonsetikk/larerprof_etiske_plattform_a4.pdf)

Tønnesen, S. (2017). *Reliabilitet*. Henta frå <https://snl.no/reliabilitet>

## 8. Vedlegg

### 8.1 Intervjuguide

#### Intervjuguide

*Semsistrukturert intervju*

#### Formål

- Å finne ut om lærarar føler seg avgrensa i privatlivet
- Det å bu og arbeide same stad - endå meir regulerande?
- Korleis lærarane blir avgrensa
- I kor stor grad det er med på å regulere privatlivet
- Kva lærarane tykkjer om avgrensingane
- Gjer avgrensingane yrket mindre attraktivt

#### Med tanke på det me har snakka om i førpraten

Føler du at du blir avgrensa i privatlivet som følger av yrket ditt?

På kva måte?

- **Kvar kjenner ein mest på avgrensingane?** (sosiale media, i lokalsamfunnet, butikken) Er det forskjellar på kva område ein kjenner seg mest avgrensa? Kjønn, alder osv. ?
- **Er yrket med på å avgrense- og/eller regulere korleis du ytrar deg?** Språkbruk osv.
- **Kor ærleg må ein vere, avgrensar yrket deg i å vere ærleg?** Dette tenkjer me handlar mykje om spørsmål ein kan få frå elevar/føresette, skal ein då vere på den "moralske høgborg" og sei det som er "rett" eller gi sitt ærlege perspektiv? Døme: tankar om alkohol/snus, kvardagsvanar som lekser og leggetid osv.
- **Føler du at samfunnet set krav til yrket ditt?** Er dei forventningane samfunnet har til yrket med å hemme deg på fritida? Me føler i alle fall at det har blitt ein slags stigmatisering av læraryrket frå samfunnet, der ein alltid skal vere ein person som fremjar alle dei verdiane samfunnet ser på som "gode" eller "rette".
- **Når du møter foreldre på offentlig arena, er du "på jobb" eller "har du fri"?** Er du framleis i "lærarkarakter" eller er du privatperson - regulerer du personlegdommen din?

- **Opplever du direkte konsekvensar, utanfor skulen, som følger av vala du gjer i skulen?** Døme: dersom det er ein elev med åtferdsvanskar som får mange merknadar, kan ein då møte misnøye frå foreldre på fritid mot ein sjølv som privatperson også? Har ein opplevd at folk snakkar om ein på “bygda” for noko ein har gjort som lærar?
- **Er dette noko du har teke stilling til før?** Kor ofte er dette noko du tenkjer på? Tek det stor plass i daglegrlivet? Er du nervøs for at dei vala du tek kan bli brukt mot deg, eller bli ein “snakkis” på bygda?
- **Har du eit generelt inntrykk av at mange lærarar føler seg avgrensa av yrket?**
- **Gjer avgrensingane det meir aktuelt å byte yrke?**
- **Er avgrensingane som følger ved det å vere ungdomsskulelærar på fritida, noko av grunnen til at du bytta yrke?**

## **8.2 Lærarprofesjonens etiske plattform**

# Lærerprofesjonens etiske plattform

Vi er én profesjon av førskolelærere, lærere og ledere i barnehage og skole.

Vårt samfunnsmandat er å fremme barnehagebarn og elevers læring, utvikling og danning.

Våre verdier, holdninger og handlinger påvirker dem vi arbeider for og med. Plattformen er et felles grunnlag for å videreføre lærerprofesjonens etiske bevissthet. Alle førskolelærere, lærere og ledere har et ansvar for å handle i samsvar med plattformens verdier og prinsipper.

## Lærerprofesjonens grunnleggende verdier

### Menneskeverd og menneskerettigheter

Vårt arbeid bygger på verdier og prinsipper nedfelt i universelle menneskerettigheter, spesielt FN's konvensjon om barnets rettigheter. Disse rettighetene skal fremmes og forsvares i barnehage og skole. Menneskeverdets ukrenkelighet, den enkeltes frihet og behovet for trygghet og omsorg er grunnleggende.

### Profesjonell integritet

Etisk bevissthet og høy faglighet er kjernen i lærerprofesjonens integritet og avgjørende for å skape gode vilkår for lek, læring og danning. Vår metodefrihet og profesjonelle skjønnutsøvelse gir oss et særlig ansvar for å være åpne om de faglige og pedagogiske valgene vi gjør. Samfunnet skal ha tillit til at vi bruker vår autonomi på en etisk forsvarlig måte.

### Respekt og likeverd

Den enkeltes egenart og personlige integritet fordrer respekt. Det skal ikke forekomme noen form for undertrykkelse, indoktrinering eller fordomsfulle vurderinger. Alle barnehagebarn og elever har rett til medvirkning. De skal ha frihet til å treffen egne valg innenfor fellesskapets rammer.

### Personvern

Overholdelse av taushetsplikt og opplysningsplikt er avgjørende i vårt arbeid. Alle har rett til personvern. Personopplysninger skal forvaltes på måter som verner om barnehagebarn, elever, foresatte og kollegers integritet og verdighet. Mulighetene for elektronisk informasjonsspredning krever særlig kritisk ørvåkenhet.

## Lærerprofesjonens etiske ansvar

### I mote med barnehagebarn, elever og foresatte

Vi har ansvaret for tillitsfull samhandling med dem vi jobber for og med. Vår lojalitet ligger hos barnehagebarn og elever for å fremme deres beste. Sannferdig formidling av kunnskap og faglig god tilrettelegging er avgjørende.

#### Førskolelærere, lærere og ledere:

- fremmer alle barnehagebarn og elevers muligheter for lek, læring og danning
- arbeider for å være faglig og pedagogisk oppdatert
- er omsorgsfulle og bevisste makten en har i kraft av rolle og posisjon
- er faglig funderte og etisk reflekterte i arbeidet med vurdering
- fremmer likestilling og likeverd
- møter barnehagebarn, elever og foresatte med respekt
- griper inn og verner barnehagebarn og elever mot krenkelser, uavhengig av hvem det er som utfører dem
- møter kritikk med åpenhet og faglige argumenter

### For arbeidsplassen

Vi er kunnsapsrike, ansvarlige og tilstede-værende voksne i barnehagebarn og elevers liv. Som kollegium har vi et felles ansvar for å utvikle et godt utdanningstilbud og for å fremme og videreføre vår profesjonalitet.

#### Kolleget:

- tar initiativ til etisk refleksjon og dialog med alle ansatte på arbeidsplassene
- samarbeider om å videreføre kunnskaper, ferdigheter og etisk dømmeraft, både internt og i samspill med utdannings- og forskningsmiljøer
- skaper og deltar i en positiv samhandlingskultur der alle synspunkter lyttes til og tas på alvor
- er lojale mot egen institusjons mål og retningslinjer så langt disse samsvarer med samfunnsmandatet og vår profesjonsetiske plattform
- arbeider i åpenhet og tilrettelegger for innsyn fra berørte parter
- respekterer andres kompetanse og erkjenner grensene for egen faglighet
- støtter og tar medansvar når kolleger møter særlige utfordringer i arbeidet
- tar ansvar for å finne gode løsninger, og om nødvendig varsle, når det oppdages kritikkverdige forhold på arbeidsplassen

### For barnehage og skole som samfunnsinstitusjoner

Vi er forpliktet på verdiene i barnehagen og skolens samfunnsmandat, slik disse gjennom demokratiske vedtak er nedfelt i lov- og planverk. Den enkelte førskolelærer, lærer og leder deler profesjonens ansvar for å fremme barnehagen og skolens formål.

#### Profesjonen:

- viser mot og målbærer tydelig samfunnsmandatet
- bruker ytringsfriheten og deltar aktivt på faglige og utdanningspolitiske arenaer
- står imot press fra aktører som vil gjøre barnehagebarn og elever til midler for sine mål
- tar ansvar for å varsle når rammevilkår skaper faglig og etisk uforsvarlige tilstander
- tilstreber godt samarbeid, uten at vi påtar oss oppgaver som tilhører andre profesjoners fag- og kompetansefelt
- går ikke på akkord med verdiene i samfunnsmandatet, vårt kunnskapsgrunnlag eller lærerprofesjonens etiske plattform

**Førskolelærere, lærere og ledere er forpliktet på denne plattformen og kan aldri unndra seg sitt profesjonelle ansvar.**